

Samarbeid og samhandling

mellom skulane i Norddal kommune

Eidsdal skule

og

Valldal skule



Visjon:

Skulane i Norddal - eitt kunnskapstre som får næring frå fleire greiner og ber god frukt

Bakgrunn

I Norddal var det fram til om lag 1950 heile 11 skulekrinsar der alle skulane var etter måten små. På 50 og 60-talet vart dei 5 krinsane i Valldal samla til 1. Det same vart dei 3 i Eidsdal, slik at rundt 1970 var det ein skule i kvar av dei 5 bygdene i kommunen. I 1972 vart det innført obligatorisk 9-årig skule i Norddal, og skulen i Valldal vart då utbygd til også å kunne ta imot ungdomsskuleelevane i heile kommunen. Då den nye skulen i Eidsdal stod ferdig i 1986, blei ungdomsskuleelevane på sørsida av fjorden overflytta til Eidsdal skule. Dei siste åra har barnetalet i kommunen gått ned, særleg i dei minste bygdene. Dette har medført at skulen i Fjørå vart lagt ned i 2004, Tafjord skule i 2007 og Dalsbygda skule i 2012.

Det har i lang tid vore stor utflytting frå Norddal. For om lag 250 år sidan var kommunen ei kommunane på Sunnmøre med størst folketal. Her budde det då vel 1500 menneske, medan det i området som i dag omfattar Ålesund og Sula budde vel 3000 menneske. Folketalet i Norddal steig fram til om lag 1950 då her budde nær 2500 menneske. Dei siste tiåra har fødselskulla også her i kommunen vore små, og kombinert med stor utflytting, noko som ikkje minst gjeld ungdom som tek lengre utdanning, har dette ført til sterk nedgang i folketalet til om lag 1700 i 2014.

Eidsdal skule og Valldal skule er begge skular med både barnetrinn og ungdomstrinn. I landssamanheng er begge skulane likevel relativt små.

Eidsdal skule har om lag 60 elevar, medan Valldal skule har om lag 160. Begge skulane har SFO-ordning. Valldal skule har i tillegg ansvar for vaksenopplæringa.

For at Norddal skal vere ein velfungerande kommune der ein prøver å gjere kvarandre gode, er det nødvendig at ein gjennom systematisk arbeid prøver å utvikle kjennskap og vennskap på tvers av bygdene. Skulane er ein sentral arena for å kunne utvikle eit slikt samarbeid. Det er nødvendig å kartlegge hindringar som gjer eit slikt samarbeid vanskeleg, og så på korleis vi kan overvinne desse hindringane. Her kan det peikast på følgjande:

- Kommunen er oppdelt i mange bygder, der lange avstandar mellom bygdene og behov for ferje vert sett på som eit hinder. Dette kan medføre at reiser kan ta lang tid, og/eller medføre store utgifter.
- Elevane frå nordsida og sørsida møtast ikkje lenger i klasserommet etter at ungdomsskulekrinsen vart delt i 1986.
- Mangelfull kjennskap og forståing mellom elevane i dei ulike bygdene.
- For dårleg geografisk og kulturell kjennskap til dei andre bygdene.
- For få naturlege felles møteplassar for heile kommunen.

Delmål

- Utvikle kjennskap og vennskap mellom elevane i kommunen gjennom å utnytte og utvide dei møteplassane som alt er etablerte og etablere nye møteplassar.
- Styrke lokalkunnskap om geografi, folk og kultur.
- Styrke tilknyttinga til kommunen og bygdene, slik at fleire ungdommar vel å kome tilbake til kommunen etter fullført utdanning.
- Vidareutvikle og heve kvaliteten i skulane ved at ein lærer av kvarandre både i elevmiljøet og i vaksenmiljøet.
- Skape eit større og meir mangfaldig miljø som kan inspirere og utvikle dei etter måten små skulemiljøa vi har i kommunen.

Tiltak

- Utarbeide lokal læreplan med aktuelle ekskursjonar
- Samordning av halvårsplan
- Skulebesøk på ulike klasstrinn
- Utnytte kulturaktivitetar til utvida kontakt heile dagen.

- Bruk av felles elektronisk læringsplattform
- IKT som møteplass/samarbeidsarena
- Lokalkunnskap - presentere bygdene for kvarandre
- Felles kulturdag og idrettsdag.
- Tettare fagleg samarbeid mellom skulane

Ekskursjonsmål

Alle elevane må i løpet av skuletida få høve til å oppleve kvar bygd i kommunen. Også dei bygdene der det ikkje lenger er skule. Elevar frå desse bygdene kan gjerne vere guidar for dei besøkande. Nokre av tilboda i bygdene det kan vere verdt å få med seg:

- **Norrdal/Dalsbygda**
 - Herdalssetra
 - Prestegarden og paktarhuset
 - Kajakk på fjorden
 - Rellingsetra; Setrehistorie og skihistorie
 - Lilleåsen med orienteringsmogelegheiter
 - Ski på Lilleås og Hatlestad - Rellingsetra
 - Lange og korte turar
 - Kallskaret – naturreservat
 - Bergingssteinen i Botnen
 - Storvatnet, Herdalsvatnet, Vassdalane, Nøre-Herdal; Fiske i fjellvatn
 - Gardar og gardshistorie, lokal matkultur
 - Sykkeltur rundt bygda, ca 1 times tur frå ferjekaia
 - Badeplass ved Notnaustet
 - Gamle båtar og byggjeteknikkar
 - Kyrkja i Norrdal
 - Smia til Harald Døving
 - Blokktrykk v/Ingvild Nystad
 - «Bergingssteinen» i Botnen
- **Eidsdal**
 - Blåhornet, Kilstivatnet
 - Severingbruata m/historia
 - Eidsdal Kraft+vindmølla til Olav Kilsti
 - Heilag-Olav-skjerva på Kleiva (i samband med vandring Kleiva-Ytterdal via Severinbrauta)
 - Torebuda/Torestova
 - Skulen i skulegarden
 - Klebersteinsuttak – Ospahjellen
 - Idrettsanlegget på Langereiten
 - Skianlegget på Løvoll
 - Fiske på Eidsvatnet
 - Klebersteingryta.
- **Valldal**
 - Klovset (3./4. klasse)
 - Vardefjellet (5.-10.klasse)
 - Bygdevandring, Syltegata,, Syltemoa/Olavsvegen
 - Alstad, Skjersura, Olavskilda
 - Sylte kyrkje
 - Klatrevegg Muritunet
 - Badestranda på Grandane
 - Klatreparken på hjelme

- Villmarksleiren
- Fellesfjøs Valldal samdrift
- Gardsmuseum Jemtegård
- Gartneriet og frukthagane på Linge
- Tur Åsen-Linge
- **Fjørå**
 - Ruggå/Syltefjellet
 - Minnesteinen og historia om Tafjordulykka
 - Fjørå rundt
 - Grottene/Selstokkhola
- **Tafjord**
 - Bygdevandring, Fundergata,
 - Utandørs basseng
 - Tafjord kraft
 - Skredmuseum
 - Kraftstasjonane i Tafjord
 - Busstur til Sakariasdammen, oppleve spiraltunellen og vegen på utsida,
 - Sjå på Kallen i Kallskaret, «Parisutløa»

Plan for dei ulike stega

- **Småskulen**
 - Felles aktivitetsdag
 - Besøke bygdene som soknar til skulen
- **Mellomsteget**
 - Felles idrettsdag
 - Felles kulturdag
 - «Vårt lokalsamfunn»
 - Besøke alle bygdene i kommunen.
- **Ungdomssteget**
 - Felles idrettsdag
 - Felles kulturdag
 - Leirskule
 - Gründercamp
 - Samordning FirstClass
 - Samordning besøk/hospitering vgs.

Ansvar og økonomi

Skuleleiarane er ansvarleg for at det vert utarbeidd ein plan for denne samhandlinga. Byggekllossen må sørge for at det vert stilt til rådvelde økonomiske midlar til denne satsinga.

Evaluering

- Planen og den praktiske gjennomføringa skal drøftast i rektormøte årleg
- Planen skal rullerast kvart 3. år.

Planen er tilrådd av leiargruppa for skulane 14.04.2015 og vedteken i Formannskapet 11.05.2015.